

Månedspan januar 2012 Blomane

Veke og tema	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
2. Indonesia/ misjon	9. Temasamling Indonesia Førskuleklubb  	10. Varm mat 	11. Tallsamling 	12. Marihønene (07-modellane) går i gymsalen (kom før 9.30) 	13. Felles samling: Me får besøk av Kari Anne Vatland som skal fortelle frå Indonesia Lekegrupper felles  
3. Indonesia/ misjon	16. TUR (kom før 9.30) 	17. Temasamling Indonesia 	18. Varm mat  Leikegrupper Blomane	19. Musikksamling 	20. Leikegrupper felles Temasamling Indonesia  
4. Indonesia/ misjon	23. Tallsamling Førskuleklubb  	24. Språksprellsamling 	25. Temasamling Indonesia 	26. MISJONSKAFE 14-30-16.00 Salg av pølser og kaker	27. Leikegrupper felles 
5.	30. Leikegrupper Blomane Førskuleklubb 	31. Humlene (06-modellane) går i gymsalen (Kom før 9.30) 	1. Bursdagsamling for Serina og Elias F! 	2. "Etikk, religion og filosofi" samling	3. Leikegrupper felles Språksprellsamling  

Månedsbrev januar

Godt nyttår! Håpar alle har hatt ei fin julehøgtid.

Då er me klare til å ta fatt på ein ny månad, og ikkje minst eit nytt år. For mange vert det eit spanande år med born som skal begynna på skule. Me startar opp med **førskuleklubb** i barnehagen 9 januar. Alle 06-modellane på Blomane er på *ei* gruppe denne månaden, så får me sjå om me delar oss i to grupper etter kvart. Det kjem eige skriv til desse dette gjeld.

Leikegrupper felles: Me vil og starte opp med leikegrupper i januar, her har me aktiviteter som forming, dukkekrok/ utkledning, duplo/togbane og lesing/ spel. Her blir det blanda grupper frå Blomane, Sommarfuglane og Stjernene. Me begynner leikegruppene med ein liten samling 9.45 før me deler oss i gruppe.

Leikegrupper Blomane: Dei dagane sommarfugelavdelinga er på tur denne månaden brukar me begge avdelingane til leik. Me delar oss i grupper, på denne måten får me betre plass og får leike med andre en dei me leikar med til vanleg. Me delar oss i grupper 9.30 desse dagane.

Tema: Denne månaden har me misjonsprosjekt i barnehagen, i år har me om landet Indonesia. Me gler oss til å lære meir om landet , kulturen og om folka som bur der. Me avslutter temaet med **misjonskafe 26.januar**, og håpar me får mykje besøk av foreldre, sysken , besteforeldre o.l. som er velkomne på kafe mellom 14.30 og 16.00 . Det blir sal av pølser, kakemat, saft, kaffi++

Tryggheimselev: Bjarne som er elev ved barne-og ungdomsarbeiderlinja ved Tryggheim vgs skal fortsette å vera sjå oss kvar torsdag utover våren - dette er me glade for. Han skal og vera i heile veke 2.

Helsing oss på Blomane Valbjørg, Berit, Margareth, Annette, Kristina R. og Kristina

